



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Sluttrapport frå forvaltningskontroll i Finnøy kommune 30.04.2013

Kontrolleiar: Linn Borsheim

Innhold

1.	Samandrag.....	3
2.	Innleiing	4
3.	Bakgrunn for kontrollen.....	4
4.	Heimel for kontrollen.....	4
5.	Opplysningar om gjennomført kontroll	5
5.1.	Faktaopplysningar om sjølve kontrollen	5
5.2.	Møter, intervju og dokumentgjennomgang	5
5.3.	Tema for forvaltningskontrollen.....	6
6.	Funn	6
6.1.	Definisjonar	6
6.2.	Tema nr. 1: Sakshandsamingsrutinar.....	7
6.3.	Tema 2: Risikovurderingar ved føretakskontroll.....	7
6.4.	Tema 3: Driftsfellesskap.....	8
6.5.	Tema 4: Gardskartprosessen.....	9
6.6.	Tema 5: Kontroll av spreieareal i samband med utbetaling av PT	10
6.7.	Tema 6: Reaksjonar ved avvik	11
6.8.	Tema 7: Skog – planting etter hogst.....	12
6.9.	Generelt	13
7.	Oppfølging etter kontrollen.....	13
8.	Vedlegg	13
8.1.	Vedlegg 1. Oversikt over gjennomgått dokumentasjon	13

1. Samandrag

Fylkesmannen i Rogaland var på forvaltningskontroll i Finnøy kommune 30.04.2013.
Hovudtema for kontrollen var kommunen si handsaming av produksjonstilskotsordninga.

Basert på kontrollen har vi registrert følgjande avvik og merknadar:

Avvik:

- **Avvik 1:** kommunen har innvilga dispensasjon frå spreietidspunkt for husdyrgjødsel utan at det ligg føre noko skriftleg materiale på dei dispensasjonane som er gitt.
- **Avvik 2.** Kommunen manglar fagansvarleg på skogforvaltning

Merknadar:

- **Merknad 1.** Manglande sjekklisten og rutinebeskriving rundt kommunen si handsaming av PT-søknadar.
- **Merknad 2.** Mangelfull dokumentering av bakgrunn for det enkelte risikobaserte utplukk og manglande rutinebeskriving av korleis slikt uttrekk skal gjerast.
- **Merknad 3.** Kommunen har ikkje skriftlege vurderingar av driftsfellesskap i tilfelle der det er sett nærare på drifta, eller eit system for å arkivera slike vurderingar.
- **Merknad 4.** Kommunen har lite kontroll av driftsfellesskap, i form av ein grundigare gjennomgang av dokumentasjon, driftsopplegg osb.
- **Merknad 5:** Kommunen har ikkje kontrollert areal dersom dei er i tvil om dette er overflatedyrka eller fulldyrka.
- **Merknad 6:** Kommunen har ikkje utarbeida rutine eller rutinebeskrivingar for kontinuerleg à jour hold av gardskarta.
- **Merknad 7:** Kommunen har ikkje rutinar for å sjekke areal opp mot gardskarta når dei er på stikkprøvekontroll.
- **Merknad 8:** Kommunen har tilfelle der areal har blitt ført opp som spreieareal utan at dette er godkjent som spreieareal av kommunen. Det er ikkje reagert ovanfor produsenten og saka er foreløpig ikkje følgt opp.
- **Merknad 9:** Mangelfull forvaltning på skogområdet
- **Merknad 10:** Mangelfull ressurstilgang i kommunen

I rapporten blir gjennomføring av sjølvé kontrollen og nærare beskriving av avvik og merknadar gjennomgått.

2. Innleiing

Vi viser til varsel om kontroll datert 14.03.2013 og påfølgjande gjennomføring av kontroll 30.04.2013. Vidare viser vi til foreløpig rapport, som blei gjennomgått på sjølve kontrollen. Denne sluttrapporten gir utfyllende opplysningar til dei funna som blei gjennomgått på kontrollen og eventuelle andre funn som ikkje blei nemnt i den foreløpige rapporten. I tillegg kjem utfyllande opplysningar kring sjølve kontrollen.

3. Bakgrunn for kontrollen

I embetsoppdraget frå Landbruks- og matdepartementet har Fylkesmannen (FM) fått i oppdrag å gjennomføre forvaltningskontroll av kommunane innafor landbruksområdet. FM har det regionale ansvaret for å sikre at statlege midlar blir brukt og forvalta i samsvar med gjeldande regelverk. FM sin kontroll i Finnøy kommune inngår i dette arbeidet.

Hovudtema for forvaltningskontrollen i Finnøy var kommunen sin forvaltning av produksjonstilskot i jordbruket (PT). I tillegg var kommunen sin forvaltning på skogområdet, gardskartprosessen (GKP) og kommunen sin forvaltning etter gjødselvareforskrifta tema på kontrollen.

Føremålet med kontrollen var å kontrollere kommunen sin etterleving av forskrift 12.12.2003 nr. 1938 om reglement for økonomistyring i staten, § 15. FM ynskjer å kartlegge om kommunen har ei forsvarleg forvaltning av nemnte ordningar, og om kommunen si forvaltning skjer i tråd med gjeldande regelverk.

4. Heimel for kontrollen

Heimelsgrunnlaget for forvaltningskontroll er forskrift 12.12.2003 nr. 1938 om reglement for økonomistyring i staten § 15;

”Overordnede virksomheter skal ivareta kontroll med at underliggende virksomheter og enheter utenom statsforvaltningen som utøver forvaltningsmyndighet, utfører sine oppgaver på forsvarlig måte og i henhold til § 14. Tilskuddsforvaltere skal ivareta kontroll med at tilskuddsmottakere oppfyller de vilkår som er stilt for tilskuddet. Finansdepartementet kan fastsette bestemmelser for kontroll av utøvelse av forvaltningsmyndighet som er delegert til enheter utenom statsforvaltningen.”

Ordningane som blei gjennomgått er omfatta av følgjande regelverk:

- Lov 10.02.1967 om behandlingsmåten i forvaltingssaker (forvalningsloven).
- Lov 27.05.2005 nr. 31 om skogbruk (skoglova)
- Forskrift 22.03.2002 nr. 283 om produksjonstilskudd i jordbruket (PT-forskrifta)
- Forskrift 04.07.2003 nr. 951 om gjødselvarer mv. av organisk opphav (gjødselvareforskrifta)

- Forskrift 07.06.2006 nr. 593 om berekraftig skogbruk

I tillegg kjem teknisk jordbruksavtale 2012/2013 og aktuelle rundskriv frå SLF (m.a. rundskriv 22/12 og 23/12).

5. Opplysningar om gjennomført kontroll

5.1. Faktaopplysningar om sjølve kontrollen

Dato for kontroll: 30.04.2013	Journalnummer: 2013/2808
Dato for førre kontroll: 23.09.2008	Journalnummer: 2008/2512

Kontrollert verksemد

Kommune: Finnøy kommune	E-post: post@finnøy.kommune.no
Besøksadresse: Rådhuset, 4160 Finnøy	Telefon: 51 71 47 00

Tilstades frå kommunen

Namn	Funksjon	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Silke Ullrich	Fagkonsulent	x	x	x
Magne Fjeld	Jordbruksjef	x	x	x
Linda Skartveit	Tenesteleiar	x	x	x
Else Vignes	Konsulent	x	x	x
Helene M. Ohm	Rådmann			x

Tilstades frå FM

Namn	Funksjon	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Anfinn Rosnes	Ass. landbruksdirektør	x	x	x
Linn Borsheim	Rådgjevar	x	x	x
Else F. Hodne	Rådgjevar	x	x	x

5.2. Møter, intervju og dokumentgjennomgang

Kontrollen starta med eit opningsmøte der FM, v. assisterande landbruksdirektør Anfinn Rosnes, informerte om bakgrunnen for kontrollen. Deretter blei det gjennomført intervju for det enkelte tema. Linn Borsheim leia sjølve kontrollen, medan Else F. Hodne deltok som medkontrollør og skriver. For dei fleste tema blei intervjuet supplert med spørsmål knytt til datafangst og søknader frå føretak. På grunnlag av intervjuet utarbeida FM ein foreløpig rapport som blei gjennomgått på eit felles sluttmøte.

5.3. Tema for forvaltningskontrollen

Tabellen under viser kva tema som blei gjennomgått under kontrollen.

Nr.	Tema	Ynskjer svar på
1	Sakshandsamingsrutinar	Kommunens rutinar for handsaming av søknadar fram til godkjenning. Kva blir kontrollert og korleis blir søknadane gjennomgått fram mot godkjenning?
2	Risikovurderingar ved føretakskontroll	Kva rutinar har kommunen rundt utplukk av føretak til stikkprøvekontroll? Blir det gjort eit uttrekk basert på risiko, og i så fall; korleis?
3	Driftsfellesskap	I kva omfang og i kva for nokre tilfelle kontrollerer kommunen om det er driftsfellesskap mellom føretak? Korleis blir denne kontrollen i så fall gjennomført og loggført?
4	Gardskartprosessen	Korleis har kommunen gjennomført gardskartprosessen, og kva rutinar har kommunen for å halde karta oppdatert etter at prosessen er gjennomført?
5	Kontroll av spreieareal i samband med utbetaling av PT	Kva rutinar har kommunen for å kontrollere om føretaka som søker om produksjonstilskot har nok spreieareal for husdyrgjødsel, og kva gjer kommunen dersom det blir oppdaga at ein søker har for lite spreieareal? Korleis handsama kommunen dispensasjonssakar som gjaldt spreietidspunkt denne våren?
6	Reaksjonar ved avvik	Korleis handsamar kommunen søknader om produksjonstilskot der det blir oppdaga feil i søknaden som ville ført til for høg utbetaling, eller der kommunen kjenner til at søker har brote regelverk om jordbruksverksemnd? Kva vurderingar blir gjort i slike tilfelle, og blir det avkorta i tilskotet?
7	Skog – planting etter hogst	Korleis forvaltar kommunen dei oppgåvane dei har ansvar for på skogområdet?

I vedlegg 1 er det sett opp ein oversikt over kva som blei gjennomgått av datafangst under det enkelte tema.

6. Funn

I dette kapitlet vil FM gi ei tilbakemelding på utført kontroll fordelt på tema. Eventuelle avvik og merknadar som blei avdekka vil bli gjennomgått under det enkelte tema.

6.1. Definisjonar

Funn blir delt opp i merknadar og avvik. Definisjonen på desse to er:

- **Avvik:** Mangel på oppfylling av krav fastsett i eller i medhald av lov eller forskrift.
- **Merknad:** Forhold som ikkje blir omfatta av definisjonen for avvik, men som FM meiner det er naudsynt å peike på for å sikre god forvaltning av dei ordningane som er kontrollerte.

6.2. Tema nr. 1: Sakshandsamingsrutinar

Om regelverket:

Kommunen har ansvar for å godkjenne søknader om produksjonstilskot, jf. PT-forskrifta § 10 første ledd. Kommunen sit såleis med eit særskilt ansvar for tilskotsutbetalinga. For å sikre at søknader som blir godkjente fyller krava for tilskotsutbetaling som ligg i regelverket, er det viktig med gode og oversiktlege sakshandsamingsrutinar for innkomne søknader.

Vurdering:

Kommunen ga inntrykk av å ha ein god og systematisk gjennomgang av søknadane, og å yte god service ovanfor søkerane. Kommunen opplyste mellom anna at dei gjekk gjennom rapporten PT-2000 ”*søkere som får preutfylt skjema*” og registrerte kven dei har fått inn søknadar frå og ikkje. Dette er ein god rutine som gjer at kommunen kan finne ut om nokon har gløymt å sende inn søknad. Kommunen har også rutinar for å arkivere denne lista.

Kommunen har ikkje rutinebeskriving som forklarar korleis ein søknad skal handsamast frå den kjem inn og til den blir godkjend/avslått. Dette gjer at kommunen er meir sårbar for fråvær og nytelsetjing. Gode rutinebeskrivingar sikrar at søknadar blir handsama best mogleg uavhengig av kven som gjer jobben og er av den grunn eit viktig arbeidsverktøy.

Kommunen har ikkje utarbeida sjekkliste for kva som skal gjerast med ein søknad og kontrollerast i denne før den blir godkjend/avvist. Ei sjekkliste sikrar at kommunen får kontrollert relevante punkter i søknaden på rett måte, slik at ingen viktige punkt blir gløymt. Utarbeiding av sjekklistar bidreg også til bevisstgjering av kva som er viktig å kontrollere ved søknadshandsaming, og det gjer kommunen mindre sårbar ved fråvær og nytelsetjing. Dette vil også være eit godt arbeidsverktøy for kommunen.

Merknad/avvik:

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande merknad:

- *Merknad 1. Manglende sjekklistar og rutinebeskriving rundt kommunen si handsaming av PT-søknadar.*

6.3. Tema 2: Risikovurderingar ved føretakskontroll

Om regelverket:

Kommunen skal plukke ut minst 5 % av føretaka som har søkt om produksjonstilskot til stikkprøvekontroll. Utplukket skal vere risikobasert, jf. kapittel 5 i rundskriv 23/12 frå SLF. Det vil seie at kommunen må vurdere kor sannsynleg det er at føretak kan få urettmessig utbetalt tilskot, og moglege konsekvensar av slik urettmessig utbetaling. Her er det viktig at

kommunen gjer gode vurderingar i forkant av stikkprøvekontrollen. Kommunen må bruke den lokalkjennskapen dei har og erfaringar frå tidlegare søknadsomganger.

Vurdering:

Kommunen viser at det, sett bort i frå søknadsomgangen pr. 31.07.2012, er gjennomført stikkprøvekontrollar basert på risikovurderingar dei siste søknadsomgangane. Kva som skal vere grunnlag for kontroll blir og vurdert og diskutert i plenum i samband med kvar søknadsomgang. Sakshandsamar har ei handskriven oversikt som viser korleis utplukket er gjort, men kommunen har ikkje arkivert noko dokument elektronisk som viser kva som er plukka ut til kontroll og kvifor. For å gjere kommunen mindre sårbar ved endring av sakshandsamarar, og for å sikra gode rutinar for utplukk, er det til god hjelp at desse opplysningane lett kan leitast opp i arkivsystemet til kommunen. I eit slikt dokument bør det kome fram kva som er bakgrunnen for det enkelte utplukket, og kva prioriteringar og vurderingar som er gjort ved kvar søknadsomgang.

Kommunen har ikkje skriftleg rutinebeskriving som viser korleis arbeidet med risikobasert utplukk skal gjerast. Som for søknadshandsaming, er det også her viktig med gode rutinebeskrivingar.

Merknad/avvik:

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande merknad:

- Merknad 2. Mangefull dokumentering av bakgrunn for det enkelte risikobaserte utplukk og manglande rutinebeskriving av korleis slikt uttrekk skal gjerast.

6.4. Tema 3: Driftsfellesskap

Om regelverket:

Kommunen har ansvar for å kontrollere at det ikkje er så nært samarbeid mellom føretak at det fører til driftsfellesskap, jf. § 4 i PT-forskrifta. Spesielt er det viktig med slik kontroll i tilfeller der fleire føretak på same landbrukseigedom sokjer produksjonstilskot. Risikoene for stor feilutbetaling er høg dersom det ligg føre driftsfellesskap mellom to føretak som sokjer om produksjonstilskot. Det er derfor viktig at kommunen fører gode kontrollar med denne delen av regelverket.

Vurdering:

Kommunen kunne fortelje at dei som oftast er i kontakt med sokjar før det blir oppretta føretak nr. 2 på same eigedom, og får dermed rettleia mange om regelverket kring driftsfellesskap i forkant av oppstart. Dette er positivt for å hindre at regelverksbrot oppstår og sjåast på som eit viktig og bra arbeid frå kommunen si side. Vidare gjorde kommunen greie for at dei fleste tilfella med to føretak på same eigedom er føretak med ulike produksjonar og dermed liten risiko for driftsfellesskap. Andre risikokategoriar, som ektefelle og nære familieband, er det lite av. Kommunen gir inntrykk av å ha god kjennskap til dei risikoføretaka som er i kommunen og kva produksjon desse driv.

Kommunen har ikkje skrive ned nokre vurderingar av føretaka når vurdering av eventuelt driftsfellesskap blir gjort. Det er derfor ikkje mogleg for nytilsette og andre å sjå på korleis kommunen i si tid har vurdert drifta i høve til driftsfellesskap. Dette er ein oversikt som kommunen bør ha. Gode rutinar, der slike vurderingar blir skrive ned og arkivert, lettar arbeidet med seinare vurderingar av føretaka. Det vil også gi kommunen betre oversikt over føretaka i eigen kommune.

Forvaltningskontrollen viser at det ikkje er gått grundig inn i driftsfellesskapsvurderinga i nokre tilfelle. Ved mistanke eller tips blir føretak sjekka opp, men det er ikkje gjennomført grundige dokumentkontrollar eller liknande hos nokre av føretaka. FM vil gjere merksam på at driftsfellesskap kan oppstå mellom føretak, sjølv om desse driv ulike type produksjonar og gjer inntrykk av å vere åtskilte. Driftsfellesskap kan og oppstå i andre tilfelle enn når det er snakk om fleire føretak som på same eide dom eller nær tilknyting elles, og det kan utvikle seg driftsfellesskap over tid. Det er derfor viktig at kommunen med jamne mellomrom gjer ein meir grundig driftsfellesskapsvurdering av føretak i kommunen. I søknadsomgangen pr. 01.01.2013 har SLF bede kommunane om å prioritera driftsfellesskap i sin stikkprøvekontroll. Dette har ikkje blitt gjennomført av kommunen og bør derfor bli teke opp som tema for ein av dei seinare søknadsomgangane.

Gjennomgang av stikkprøvekontrollane dei siste søknadsomgangane viser at kommunen har vore på stikkprøvekontroll på ein eide dom der det er to føretak, utan at driftsfellesskap har vore tema. Driftsfellesskap bør vurderast som tema når kommunen er på stikkprøvekontroll på ein eide dom med fleire føretak.

Merknad/avvik:

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande merknadar:

- *Merknad 3. Kommunen har ikkje skriftlege vurderingar av driftsfellesskap i tilfelle der det er sett nærare på drifta, eller eit system for å arkivere slike vurderingar.*
- *Merknad 4. Kommunen har lite kontroll av driftsfellesskap, i form av ein grundigare gjennomgang av dokumentasjon, driftsopplegg osb.*

6.5. Tema 4: Gardskartprosessen

Om regelverket:

Gardskarta fungerer som eit kontrollgrunnlag, for å sjå om arealtal oppgitt i søknad om produksjonstilskot er korrekte. Det er derfor viktig at gardskarta er oppdaterte, og at kommunen legg inn endringar i karta når slike endringar ligg føre.

Vurdering:

Kommunen sin orientering kring gardskartprosessen (GKP) viser at det er gjort ein grundig og god jobb på dette området. Endringar som er gjort er dokumentert og lagra i eige system, og i tvilstilfelle har kommunen vore på synfaring. Ved tvil om eit areal er overflatedyrka eller fulldyrka, har ikkje kommunen vore på synfaring, men registrert arealet som overflatedyrka.

Dette grunna kapasitetsutfordringar. For å sikre rette opplysningar i gardskarta, bør slike tvilstilfelle bli sjekka nærare.

Når det gjeld arbeidet med å halde karta oppdaterte i etterkant av GKP, tyder endringar i AR5 det siste året på at kommunen har hatt ei aktiv oppdatering av gardskarta i etterkant av GKP. Kommunen opplyste at grunneigar må melde frå dersom det er naudsynt med endringar i gardskarta. Ut over dette, endrar kommunen på karta dersom dei oppdagar feil. Av det som kom fram på kontrollen, verka det ikkje som om kommunen hadde utarbeida spesielle rutinar eller rutinebeskrivingar for korleis gardskarta skal haldast oppdaterte i etterkant av GKP. Dette bør kommunen utarbeide, for å sikre eit godt à jour hold i tida framover.

Kommunen har ikkje rutinar for å sjekke eigedommar opp mot registreringar på gardskartet når dei er ute på føretakskontroll, bortsett frå når dei oppdagar sjølvsgagte feil. Kontroll av gardskartet bør vere med som ein naturleg del av føretakskontrollane, for å sikre at desse blir haldne oppdatert og at eventuelle avvik blir avdekka og retta.

Merknad/avvik:

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande merknadar:

- *Merknad 5: Kommunen har ikkje kontrollert areal dersom dei er i tvil om dette er overflatedyrka eller fulldyrka.*
- *Merknad 6: Kommunen har ikkje utarbeida rutine eller rutinebeskrivingar for kontinuerleg à jour hold av gardskarta.*
- *Merknad 7: Kommunen har ikkje rutinar for å sjekke areal opp mot gardskarta når dei er på stikkprøvekontroll.*

6.6. Tema 5: Kontroll av spreieareal i samband med utbetaling av PT

Om regelverket:

Produsentar med husdyr skal ha tilstrekkeleg disponibelt areal for spreieing av husdyrgjødsel, jf. § 24 i gjødselvareforskrifta. Vidare er det ikkje tillete å spreie gjødsel på frossen mark, jf. § 23 i gjødselvareforskrifta. Det er kommunen som skal føre tilsyn med at kravet til spreieareal og spreietidspunkt blir etterlevd, jf. § 29 i same forskrift. Kommunen har og mynde til å dispensere frå desse krava, jf. § 31 i forskriftena. Ved manglande spreieareal, får føretaket ein reduksjon i produksjonstilskotsutbetalinga, jf. teknisk jordbruksavtale 2012/2013, kap. 7.1.2. For å sikre at føretaka held seg innanfor regelverket om spreieareal og spreietidspunkt, er det viktig med god og målretta kontroll frå kommunen si side.

Vurdering:

Kommunen har gode rutinar for å sjekke arealtal opp mot dyretal i søknad om produksjonstilskot, for å vurdere om søkeren har nok spreieareal. Spreieareal er og tema på stikkprøvekontrollane. Det er også positivt at kommunen krev skriftlege kvitteringar og skriftlege spreieavtalar med informasjon om mengd, namn på føretak osb. der dette er inngått.

Ved sist søknadsomgang oppdaga kommunen eit avvik, der ein produsent hadde ført opp beite som spreieareal, utan at dette var godkjend som spreieareal av kommunen. Grunna kapasitetsutfordringar i samband med GKP har ikkje dette blitt følt opp av kommunen enno. Kommunen har planar om å godkjenne beitet som spreieareal, og har difor ikkje reagert ovanfor produsenten. Kommunen bør ikkje akseptere eit areal som spreieareal før dette faktisk er godkjent som spreieareal av kommunen. Vidare bør vurdering av nytt spreieareal følgjast opp fortløpande.

Som følgje av GKP har mange fått redusert sitt spreieareal. Det er viktig at dette blir følt opp av kommunen, for å sikre at alle har nok spreieareal.

For våren 2013, er det innvilga nokre dispensasjonar for tidleg spreieing av husdyrgjødsel grunna fulle gjødsellager. Alle desse dispensasjonane er gitt munnleg over telefon, og det ligg ikkje føre noko skriftleg på dei dispensasjonane som er gitt. Slike dispensasjonar må bli loggført skriftleg, og arkivert, slik at det er mogleg å finne desse att seinare.

Merknad/avvik:

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande merknadar:

- Avvik 1: Kommunen har innvilga dispensasjon frå spreietidspunkt for husdyrgjødsel utan at det ligg føre noko skriftleg materiale på dei dispensasjonane som er gitt.
- Merknad 8: Kommunen har tilfelle der areal har blitt ført opp som spreieareal utan at dette er godkjent som spreieareal av kommunen. Det er ikkje reagert ovanfor produsenten og saka er foreløpig ikkje følt opp.

6.7. Tema 6: Reaksjonar ved avvik

Om regelverket:

Kommunen har ansvar for å vurdere avkorting i tilfelle der det blir oppdaga feil i søknad om produksjonstilskot eller ved regelverksbrot, jf. § 12 og § 13 i PT-forskrifta. Hovudregelen er at tilskotet skal avkortast dersom det er gitt feil opplysningar som ville gitt ei urettmessig meirutbetaling av tilskot, jf. rundskriv 37/12 frå SLF, kap. 5. Ei god oppfølging frå kommunen si side her, er viktig for å gjere søkeren meir aktsam og for å førebyggje feilutbetalingar og regelverksbrot.

Vurdering:

Kommunen rettar opp feil der dette blir oppdaga, slik at det er korrekte opplysningar som går til utbetaling. Forklaring kring opprettinga blir skrive ned i kommentarfeltet i Wespa, slik at dette kan leitast opp igjen seinare. Fram til januar 2013 har det ikkje blitt oppdaga store feil i søknadane og tilskot har ikkje blitt avkorta.

Frå og med søknadsomgangen pr. januar 2013 er det sendt ut førehandsvarsle i alle sakar der det er oppdaga avvik, uavhengig av storleik på avviket. Rettleiinga frå SLF er dermed så langt

følgt opp godt. På kontrolltidspunktet hadde kommunen enno ikkje fått svar på utsendt varsel, og avkortingsvurderinga var dermed ikkje gjennomført.

Forklaringsa viser at avkorting har vore lite brukt i kommunen. Det ligg ikkje føre saker med store avvik, men mindre avvik har blitt oppdaga. Generelt vil vi peike på at kommunen framover ikkje bør leggje lista for å avkorte for høgt, jf. rettleiing frå SLF. Vidare er det viktig at årsaka til den enkelte feilføring og storleiken på denne alltid blir vurdert. Føring av for lite og for mykje i same søknad bør ikkje nødvendigvis sjåast i samanheng

Kommunen har hatt få tilfelle av sakar med regelverksbrot som kan føre til avkorting i tilskotsutbetalinga. Det blei nemnt to sakar frå 2012, men desse er ikkje ferdig handsama enno, og avkortingsvurderinga er ikkje gjort. Det er derfor vanskeleg å vurdere kommunen sitt arbeid på dette punktet.

6.8. Tema 7: Skog – planting etter hogst

Om regelverket:

Forynging etter hogst skal setjast i gang innan 3 år. Fristen kan etter søknad forlengast til 5 år, jf. § 6 i skoglova. Det same gjeld eventuell omdisponering til beite. Kommunen skal føre tilsyn med at reglane i lova blir haldne og kontrollere at vedtak med heimel i lova blir gjennomførte, jf. § 20 i skoglova. Kommunen har dermed eit særskilt ansvar når det gjeld skogfondordninga, skogkultur, skogvegar og foryngingsplikta.

Vurdering:

Skogbrukssjefen i Hjelmeland kommune har tidlegare vore tilsett i ein 10 % stilling i Finnøy kommune med skogforvaltning som sitt ansvarsområde. Etter at skogbrukssjefen slutta, har ein annan tilsett i Hjelmeland teke over ansvaret for skogsaker i Finnøy. Dette er ein midlertidig løysning og kommunen jobbar med å få til ein ny avtale med Hjelmeland. Det er viktig at kommunen prioriterer å få på plass ei ordning, slik at dei oppgåvane kommunen er sett til å forvalte på skog blir ivaretakne på ein tilfredsstillande måte.

Kommunen kunne fortelje om eit tilfelle i kommunen, der det blei hogd i 2007, men der det enno ikkje er planta. Kommunen har ikkje reagert i dette tilfellet. Slike regelverksbrot må føljast opp og vurderast. Det er mellom anna sendt ut ein eigen mal for juridisk oppfølging av foryngingsplikta til alle kommunar.

Generelt er det for lite kontroll på skogområdet pr. i dag grunna mangel på fagperson på dette området. Dette gjeld særleg kontroll av foryngingsplikta. Forvaltning av både skogfondsordninga og tilskotsordninga er mangelfull i dag, noko som kan føre til at skogeigarar ikkje får rettmessig rett på midlar/skattefordeler.

Kommunen kunne og fortelje at deira NMSK-strategi har gått ut på dato og at denne er fornøyd med å forlenge tidsperioden for gjeldande strategi. Det er viktig at det blir utarbeida ein ny og oppdatert strategi med mellom anna hovudfokus på planting etter hogst.

Merknadar/avvik:

På bakgrunn av desse vurderingane har vi funne følgjande avvik og merknad:

- Avvik 2. Kommunen manglar fagansvarleg på skogforvaltning
- Merknad 9. Mangelfull forvaltning på skogområdet

6.9. Generelt

Vårt generelle inntrykk er at kommunen gjer ein god jobb sett i høve til dei ressursane som er på landbruksområdet. Fleire av svara gitt i løpet av kontrollen viser samstundes at kommunen har utfordringar når det gjeld tilgang på ressursar i lanbruksforvaltninga. For eksempel har GKP ført til at det ikkje har blitt tid til å gjere andre viktige oppgåver, som å gjennomføre risikobasert stikkprøvekontroll og følgje opp enkeltsakar. Utgreiing av funn under det enkelte tema viser døme på fleire saker og oppgåver som ikkje har blitt gjort grunna GKP. Kommunen har eit ansvar for å sørge for at det til ein kvar tid er nok ressursar tilgjengeleg til å få gjennomført lovpålagde oppgåver på ein tilfredsstillande måte. På bakgrunn av dei funna som blei gjort under kontrollen, bør kommunen vurdere om ressurstilgangen i forvaltninga av landbruket i kommunen er god nok.

På bakgrunn av desse vurderingane har vi følgjande merknad:

- Merknad 10. Mangelfull ressurstilgang i kommunen

7. Oppføljing etter kontrollen

Finnøy kommune må innan 30.07.2013 gjere greie for kva tiltak som er sett i verk for å rette opp registrerte avvik. Dersom avvik ikkje er retta opp på dette tidspunkt, skal utgreiinga innehalde ein tidfesta plan for korleis avvika skal rettast opp.

8. Vedlegg

8.1. Vedlegg 1. Oversikt over gjennomgått dokumentasjon

FM hadde med følgjande dokumentasjon på kontrollen, som grunnlag for vurderingar under det enkelte tema:

Nr.	Tema	Kontrollert dokumentasjon
1	Sakshandsamingsrutinar	Feilliste 1001A, pr. 31.07.12; kommunen blei spurd om korleis feilmelding på eit føretak og varsle melding på eit føretak blei kontrollert og sjekka ut.
2	Risikovurderingar ved føretakskontroll	-

3	Driftsfellesskap	Liste over eigedommar med to føretak som søker separate tilskot: lista blei gjennomgått, der kommunen blei spurd om driftsopplegg for to eigedommar der det var to enkeltmannsføretak på same bruk. Kommunen blei og spurd om kontroll og driftsopplegg av to føretak på same bruk som var plukka ut til stikkprøvekontroll i januar 2012.
4	Gardskartprosessen	Oversikt over endringar i AR5 siste år blei teke med på kontrollen, for å sjå på kommunen si oppføljing av gardskarta i etterkant av sjølve gardskartprosessen. Eit tilfelle med endring i arealtype og eit tilfelle med endring i eigedomsgrense blei gjennomgått.
5	Kontroll av spreieareal i samband med utbetaling av PT	Oversikt over arealtal og dyretal for føretak som har søkt PT i 2012 blei teke med på kontrollen. Kommunen blei spurd om situasjonen for to føretak plukka ut til stikkprøvekontroll, der tala tyder på for lite spreieareal.
6	Reaksjonar ved avvik	Tal på avkortingar og trekk blei sjekka i forkant av kontrollen. Rapporten PT4100A for 2012 blei teke med på kontrollen og kommunen blei spurd om å gjere greie for avvik pr. 31.07.12 for ein produsent.
7	Skog – planting etter hogst	-